

LANDSLAGET FOR LOKALAVISER

Årsmøte 2025



LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER

Saksliste

Årsmøte i Landslaget for lokalaviser
Fredag 28. mars 2025

1. Konstituering
 - Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter
 - Val av møteiarar
 - Val av referentar
2. Årsmelding for 2024 Side 3
3. Rekneskap for 2024 og balanse per 31.12.2024 Side 9
4. Strategi- og handlingsplan 2025–2027 Side 11
5. Fastsetjing av medlemspengar for 2026 Side 14
6. Val av styre Side 15

Styrets årsmelding 2024

Sak 2

La det vera klart aller først: lokalavisene står framleis svært sterkt i Norge. Det er unikt i verda med så sterke lokalaviser som vi har i Norge. Det er fantastisk at opplaget framleis held seg stabilt på eit svært høgt nivå. Samanliknar vi med andre land i verda så står Norge og demokratiet svært sterkt rusta, ein av grunnane er viktige og gode lokalaviser.

Det er likevel ikkje sjølvstøtt at lokalavisene står på trygg grunn. Det er utfordringar med å få dei unge til å lesa, det er utfordrande med rekruttering og ikkje minst er det framleis ein krevjande overgang frå papir til nett. Framleis er mange aviser svært avhengige av gode papirinntekter. Difor må ein framleis laga gode papiraviser samstundes som ein må halda følgje med den digitale utviklinga. I slutten av 2023 og inn i 2024 er det kunstig intelligens (KI) som både gjev nye muligheter og utfordringar. KI er eit verkøy som har gjort sitt inntog i bransjen og som vil prega framtida vår.

I fjor hadde vi i Landslaget for lokalaviser (LLA) landsmøte på Hamar med knappe 200 lokalavismedarbeidarar og bransjefolk på plass. Der vart Lister24 kåra til Årets lokalavis, Kronstadposten og Hallingdølen fekk heiderleg omtale. Stangeavisa fekk LLAs marknadspris. Hallingdølen fekk prisar for årets lokalavisside og årets digitale satsing. Journalistprisen gjekk til Hilde Vormedal Nybø, Sunnhordland. Prisen for årets historieforteljing gjekk til Anna

Huseby og Elias Dahlen, Hallingdølen. Elias Dahlen fekk også prisen for Årets lokalavisfoto.

Medlemstal

LLA har inneverande år kunne ønska velkommen nye medlemsaviser; Agder, Dalane Tidende, Lyngdal Avis, Gauldalsposten, Helgelands Blad, Midtsiden, Oppegård Avis, Sirdalmedia og Nordmørsposten.

Ved inngangen til 2025 hadde LLA dermed 125 medlemsaviser, som er ny rekord i medlemsmassen for LLA. Det gler vi oss over.

Økonomi

LLA hadde eit aktivt år i 2024, noko som viser att i rekneskapen med rekordstor omsetning, men med eit lite underskot. Det har vore eit hektisk år, der kostnader med etableringa av Samarbeidsdesken har gjort at det er brukt noko meir pengar enn det som har kome inn.

Vi har og gitt omfattande hjelp til utviklingsprosjekt i regi av grupper av aviser og enkeltaviser. Arbeidet er løyst av eigne tilsette der vi har nødvendig kompetanse, prosjektilsette etter behov og av tilsette i firma som alle har bidratt med viktig kompetanse og godt arbeid til nytte for medlemsaviser.

Driftsresultatet viser eit underskot på 176 788 kroner. Finanspostar gir eit positivt bidrag på 145 965 kroner slik at endeleg årsresultat blir eit underskot på 28 928

kroner. Underskotet blir dekket frå avsett fri eigenkapital.

Samla eigenkapital er per 31.12.2024 er 3 569 738 kroner.

Årsoppgjeret syner at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne typen organisasjonar.

Pressepolitikk og rammevilkår

Lokalavisene er grunnfjellet i det norske mediemangfaldet, og LLA er glad for å ha medverka til at styrkinga av rammevilkåra for lokalavisene blir vidareført.

Statsbudsjettet for produksjonstilskottet vart inflasjonsjustert frå 2023 til 2024, men dei fleste lokalaviser fekk vesentleg høgare auke. Dette på grunn av at mange titlar i dei føregåande åra hadde ekstra gode resultat og slik fekk avkorting i støtta som då gjekk til fordeling til dei som var kvalifisert for støtte. LLA veit at svakare økonomi i dei fleste lokalaviser gjer at færre aviser vil få avkorting dei komande åra. Dette vil gje mindre avkortingsmidlar til fordeling i komande år, og dermed truleg ein reell nedgang i støtta til lokalavisene. I tillegg er det nå vekst i talet lokalaviser som søker produksjonsstøtte. Dette er positivt då det viser at det er rammevilkår i pressepolitikken som motiverer til nysatsing. Samstundes er det ei utfordring dersom ikkje dei økonomiske rammene i støtta blir kompensert.

LLA er glad for å ha fått medhald i å slutte å krevje papiravis for å få Nord-Norge-tillegget. Endringa medførte at mange lokalaviser i nord fekk fin auke i tilskottet i 2024. Likeins er det positivt og viktig at Svalbardposten får Nord-Norge-sats.

Auka tilskot har vore avgjerande for at lokalavisene har klart seg gjennom vanskelege år. Kombinasjonen med høg kostnadsvekst på innsatsfaktorar i avisproduksjonen og stadig vanskelegare annonsememarknad er krevjande.

Lokalavisene har laga eit medietilbod som innbyggjarane vil ha, og slik klart å auke brukarinntektene og samstundes gjennomført kostnadsreduserande tiltak som ikkje har svekka journalistikken. Mange har redusert talet på papirutgåver og mange har redusert

personalkostnader utanom journalistikken. Kombinert med auka produksjonstilskott har dei fleste lokalavisene klart seg nokolunde bra til nå.

LLA meiner likevel at det er heilt naudsynt med nye løft i rammevilkåra dersom det skal vere realistisk å ta vare på det unike mediemangfaldet vi har i Norge. Statsbudsjettet for 2025 har lagt til grunn inflasjonsjustering og LLA har i fleire samanhengar sagt at dette berre er til å leve med dersom dette er eit kvileår før nye løft i åra framover.

For LLA er det viktig å få fram for alle politikarane kor viktige lokalavisene landet rundt er for innbyggjarane i det enkelte lokalsamfunn, og særleg for lokalt demokrati. Gjennom kraftig kvalitetsheving over år viser lokalavisene kvar for seg, og samla, den store betydninga dei har for sine lokalsamfunn og for landet. Vi har eit klart inntrykk av at politikarane – frå statsrådar, til stortingsrepresentantar og parti – i dag har stor respekt for lokalavisene og deira samfunnsoppdrag, og ser verdien av at dei blir sikra gode rammevilkår.

Sjølv om grensene for kven som får produksjonstilskott i det vesentlege samsvarer med behov og slik er fornuftige, meiner LLA at regelverket må vere meir fleksibelt. LLA meiner aviser mellom 6000 og 12 000 i opplag også må få produksjonstilskot, dersom det er viktig for å sikre mangfald. Vi ser at fleire i aviser i denne gruppa no har små marginar og må kutte i mannskap.

LLA har gjennom året vore i møte i Kulturdepartementet og i Stortinget for å fremje lokalavisene sine interesser. Det har vore kontakt med mange enkeltpolitikarar og grupperingar på alle nivå.

Vi opplever at det godt engasjement for medias rolle og situasjon, og at det er positiv haldning til vidare styrking av lokalavisenes rammevilkår.

I samband med statsbudsjettet var LLA i høyringsmøte med Stortingets familie- og kulturkomite, og transport- og kommunikasjonskomiteen.

LLA har òg gitt innspel om digital motstandskraft, og framheva overfor

kulturministeren at lokalavisene er førstelinje i den digitale motstandskraft.

LLA har òg deltatt i dialogmøte med departementet om journalistsikkerheit.

LLA har jamn og god dialog med utveksling av informasjon, synspunkt og forslag med både Medietilsynet og byråkratiet i Kulturdepartementet og andre departement etter behov.

På same måte har LLA kontakt med og kjem med innspel til dei politiske parti om mediepolitikk. Gjennom året er det og mange saker som gjeld rammevilkår der LLA tar initiativ eller blir beden om hjelp.

LLA har og følgd det førebunde arbeidet til dei nye fireårige styringssignala for mediepolitikken som blir lagt fram for Stortinget i starten av neste stortingsperiode.

LLA vil til slutt få framheve at den største styrken til det norske samfunnet er at vi har høg sosial kapital med tillit til samfunnsinstitusjonane. Det gjer at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for demokratiet.

Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet og redaktørstyrte media som trygge rom for alle til å ytre seg, blir den sosiale kapitalen tappa og tillitssamfunnet vil gradvis forvitra. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.

Distribusjon

Frå juli 2020 reduserte Posten frekvens for postomdeling til annankvar dag. I samband med dette arbeidde LLA særskilt aktivt saman med resten av mediebransjen for å få ei god kompensasjonsordning gjennom statleg anbodskjøp av distribusjon der det ikkje går avisbod, og dei dagane det ikkje er ordinær postomdeling. Denne såkalla motsykliske løysinga vart vedtatt og sett ut i livet gjennom to anbod, eitt med Posten på kvardagar og eitt med Aktiv Norgesdistribusjon – som er aviskonsernas felles distribusjonsselskap – for laurdagar.

Dette har fungert godt, med nokre manglar som er utbetra i det nye anbodet frå juli 2024. Dette var i første omgang for eitt år, til juli 2025,

med høve til opsjon til juli 2026 med dei same leverandørane. Samferdselsdepartementet utløyste opsjonen i februar 2025 slik at papiravisene nå er sikra god distribusjon til juli 2026. Endringa i dagens ordning er at nye aviser og abonnentar er omfatta av anbodet. Men det er redusert frekvens i anbodet til fire faste dagar i veka.

Etter at Amedia Distribusjon la ned distribusjonsrutene rundt om kring i Norge, og seinare vart overtatt av Schibsted Distribusjon, måtte anbodsgeografien utvidast kraftig. For at ikkje anbodskostnaden skulle auke for mykje, reduserte departementet frekvensen i anbodet til å sikre distribusjon av papiravisa minst fire faste dagar i veka; tysdagar, torsdagar, fredagar og laurdagar. For dei aller fleste LLA-avisene er dette fullgodt så lenge anbodet sikrar at papiravisa blir levert til alle abonnentar uavhengig av kor dei bur.

Samferdselsdepartementet og Stortinget har vore positive både i ord og handling, og det er løyvd midlar til eit godt anbod ut året 2025, og med lovnader til juli 2026.

For LLA vart det mykje ekstra arbeid dei første månadane av året for å hjelpe medlemsavisene til å kome best mogleg gjennom overgangsperioden frå Amedia Distribusjon la ned ruter frå mars, til anbodet kunne overta distribusjonen frå juli 2024.

Posten som vann anbodet på kvardagar overtok der distribusjonen og dei fleste fekk ei bra, men særskilt dyr overgangsløysing. LLA og MBL hadde saman fleire positive møte med Samferdselsdepartementet for å få økonomisk støtte til den kostbare overgangsordninga, men EØS-reglane stoppa slik støtte, ifølgje departementet.

LLA og MBL har saman starta arbeidet overfor samferdselsdepartementet om nytt anbod frå juli 2026. Dette blir viktig å få sikra både politisk og praktisk så tidleg som mogleg i 2025 slik at avisene har føreseielege rammevilkår.

LLA har god dialog med Posten og Helt Hjem for å snakke om kvalitet og vilkår i distribusjonen. Distribusjon av post og dermed aviser har store utfordringar med fallande volum og stor kostnadsauke. Det ligg føre drastisk forslag frå eit utval som har vurdert

Posten si framtid. Dei private distributørane, i hovudsak Schibsted og Polaris distribusjon, driv og heile tida med kostnadstiltak.

Men med både politisk og bransjevilje til å satse på papiravisa ein del år til ser vi optimistisk på å få gode distribusjonsløyningar også dei komande åra.

Godt samarbeid med bransjeorganisasjonar

LLA samarbeider godt med dei andre organisasjonane i mediebransjen; jamnleg gjennom møter i «Bransjerådet», og ellers etter behov der det er naturleg.

Vi samarbeider mykje med Mediebedriftenees Landsforening om rammevilkår, frå mediepolitikk til distribusjon, og opplever at det er ein styrke å stå saman når det er naturleg og muleg.

Vi har og eit godt samarbeid om mediepolitiske arrangement under Arendalsuka. I 2024 hadde vi god oppslutnad på fleire debattar med sentrale politikarar og medieaktørar der lokalavisene og LLA deltok.

Generalsekretær Tomas Bruvik var med i debatt om mediepolitikk der både kulturminister Lubna Jaffery og andre sentrale mediepolitikarar var med.

Gjennom samlokaliseringa i Pressens hus samarbeider LLA med dei andre medieorganisasjonane om arrangement og tiltak.

LLA har gjennom året sendt høyringsuttalar og innspel sjølv og saman med andre bransjeorganisasjonar på saksområde som er viktige for rammevilkåra til media generelt og lokalavisene spesielt.

Marknads- og informasjonsarbeidet

Lesarane og annonsørane er glade i lokalavisene. Det er også godt å sjå mange flotte eksemplar på flinke, hardtarbeidande og kreative marknadsmedarbeidarar i lokalavisene som fortsatt klarer å hente ut betydelige annonseinntekter i marknaden sin. Bakteppet er nemleg prega av store omveltningar; dei internasjonale teck-gigantane forsyner seg stort av annonsekaka, inntektene frå papirutgåvene

synker og aviser flest sliter med å kompensere fallet frå papir med vekst på nett. Institutt for reklame og medier (IRM) sine foreløpige tal for 2024, og prognosar for 2025, teiknar eit tydeleg bilde; annonseinntektene i papiravisene fall med rundt 18 prosent siste året, også i år vil truleg svikten halde fram med tosfra tal. Mykje skuldast nok avisenes eigen reduksjon i frekvens. Det er likevel ein del å glede seg over; bedriftenes annonseinvesteringar ser ut til å stabilisere seg – og IRM trur at dei digitale annonseinntektene vil auke såpass mykje at dei langt på veg vil kompensere for fallet i avisenes inntekter frå papirutgåvene. Det er blant anna inntektene frå online video som viser gode takter.

Utviklinga i annonsemarknaden gjer at LLAs kompetansetiltak stadig blir vridd mot digitale inntekter, blant anna på Lokal & digital-konferansen, sjølv om papirutgåvene fortsatt er svært viktige for mange av avisene våre. I fjor har LLA bidratt på fleire av lokalavisenes innsiktsprosjekt, med god hjelp blant anna frå Kirsten M. Myklebust og Torry Pedersen. Gjennom året har også Holger Austvoll, tidlegare Strandbuen, bidratt til LLAs marknadsarbeid, då LLAs Geir K. Hus store deler av 2024 har hatt delvis permisjon for å lage ferdig ei ny bok. LLA har også halde fram med idé- og erfaringsutveksling gjennom LLAs idébank – og vi har ført vidare dokumentasjonsarbeidet gjennom opplagstall, dekningstal og annan nøkkelinformasjon. I løpet av 2025 starter arbeidet med ei større satsing på å synleggjere verdien av lokalavisene, blant anna gjennom «Lokalavisåret 2026» og LLAs jubileumslandsmøte på Voss april samme år.

Opplag

Opplagstala til lokalavisene er fortsatt stabile. Då LLA og MBL la fram nye tal i september, var samanliknbare tal for dei rundt 125 avisene som er tilknytt LLA, heilt like samanlikna med første halvår året før.

Blant LLAs medlemsaviser er det Dag og Tid som gjekk mest fram i antall eksemplar. Den nynorske vekeavisa for kultur og politikk auka med 702 og hadde eit totalopplag på 14 752.

Hallingdølen auka med 461 til 11 508 og var dermed opplagsvinnaren blant LLAs lokalaviser.

Også Folkebladet, Lindesnes, Kronstadposten og Lister var blant opplagsvinnarane i LLA-familien første halvår i fjor. Det var også Klæbuposten, med stor prosentvis framgang; avisa auka oppplaget med nesten 33 %!

Andre halvår var det Kyst og Fjord som vart opplagsvinnar og gjekk fram med 853 eksemplar. Aviser som og hadde solid framgang andre halvår var Øyposten, Dag og Tid, Stord24, Gaula og Porten.no.

Det er gledeleg i ei krevjande tid at opplaget til lokalavisene held seg særst stabilt.

Samarbeidsdesken

LLA har og vore sterkt involverte i etableringa av «Samarbeidsdesken». Første februar gjekk startskotet for dette unike samarbeidsprosjektet. Der er det tilsett to journalistar, som per no vert finansiert gjennom støtte frå Fritt Ord og innovasjonstøtte frå Medietilsynet på bakgrunn av søknad frå 70 lokalaviser. I tillegg har både Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) og LLA fått løyving frå Kulturdepartementet til drifta. NRK, SUJO og LLA er partane som saman har etablert Samarbeidsdesken.

Prosjektleiaren er Christian Lura, som kjem frå NRK, journalistar er Maja Aarbakke og Øivind Skjervheim. I tillegg har LLAs Laila Borge ein sentral rolle med koordinering og arbeid i Samarbeidsdesken.

I løpet av det første året med drift har Samarbeidsdesken levert seks ulike datapakkar til avisene. Det har omhandla, Ukraina, sjølvord, Titanic, lotto, gjeld og kulturminnefond. Desken har og utvikla ein databoot, som gjer at alle aviser får oppdateringar frå Mattilsynet. Over 70 aviser og langt meir enn 300 artiklar er skrivne basert på datapakkane til desken. Noko av den unike med Samarbeidsdesken er at ein her får datagrunnlag som ein sjølv ikkje hadde klart å eller hatt tid til å finna, i tillegg deltek SUJO med grundig og god vegleiing, kurs og råd. Slik

at avisene får høve til å laga unikt innhald, i tillegg får dei ny kunnskap.

Det er og avgjort at aviser som ikkje er medlemmer av LLA, med opplag under 12 000, kan ta del i Samarbeidsdesken, mot å betale ein prosjektkontingent. Det er og gledeleg at det er iverksett eit samarbeid med Fagpressen med omsyn til deltaking i Samarbeidsdesken.

Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok minst 800 personar på kurs i regi av LLA, noko som er ny rekord.

Landsmøtet i Hamar hadde nær 200 deltakarar, der fag og kunnskap var dei viktigaste ingrediensane. Det var 16 ulike parallell-sesjonar å velja mellom fredagen innan alt frå presseetikk, lyd og bilde, og gode eksempel frå dei ulike lokalavisene.

Lokal & digital-konferansen hadde nær 100 deltakarar, og vart arrangert på Flesland i slutten av oktober. Her var tema fekk vi solid innføring KI, Suldalsposten fortalde om overgangen frå papir til rein nettavis og det var gode debattar og føredrag

Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeid med rammevilkår. I 2024 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

OFFENTLEGHEITSUTVALET

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeide med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er godt representerte i offentlegheitsutvalet, Hilde Vormedal Nybø representerer LLA i utvalet.

NORSK PRESSEFORBUND

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møtest medieorganisasjonane for å drøfte pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglige Utvalg (PFU). Tomas Bruvik er LLA sin representant i hovudstyret, der LLA og Norsk

Lokalradioforbund vekselvis er medlem eller møtande varamedlem.

DISTRIBUSJONSUTVAL

Arbeidet med distribusjon: LLAs styreleiar Øystein Øygarden, til dagleg redaktør i Vest-Telemark blad, og LLAs pressepolitiske rådgjevar Rune Hetland utgjer LLAs ekspertgruppe knyta til distribusjon av aviser. Generalsekretær Tomas Bruvik er med etter behov.

BRANSJERÅDET

Bransjerådet er ein uformell, men viktig møteplass for organisasjonane i mediebransjen. Landslaget for lokalaviser, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Norsk Presseforbund, Fagpressen og Norsk Lokalradioforbund kjem saman for samtalar, organisering av samarbeid, tiltak, avklaring av posisjonar og andre bransjeaktuelle saker. Generalsekretær Tomas Bruvik og pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA.

Styret

Det vart halde totalt fem styremøter, to av dei var fysiske. Totalt 30 saker var oppe til handsaming.

Etter valet i april 2024 er styret i LLA slik:

Styreleiar:

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad

Nestleiarar:

Tone Sidsel Sanden, Dølen

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad

Øvrige styremedlemer:

Lillian Holden, Hallingdølen

Svend Arne Vee, Firdaposten

Knut Martinsen, Avisa Hemnes

Trude Hiller, Steinkjer-Avisa

Varamedlemer:

Reidar Hystad, Sunnhordland

Liv Maren Mæhre Vold, Fjell-Ljom

Maiken Woldsæth, Selbyggen

Rekneskap for 2024

Sak 3

	2024	2023	2022	2021	2020
Medlemspenger	2 166 213	2 084 562	2 155 919	2 168 978	1 982 618
Fellesannonser	541 630	630 000	650 003	950 004	749 964
Sal, produkt og tenester	2 323 153	1 518 765	312 900	239 932	255 336
Markedskontingent	535 732	532 928	502 252	477 551	538 119
Kurs og landsmøte	1 882 013	1 903 989	2 899 959	486 183	615 335
Tilskudd offentlige	730 000	705 000	670 000	655 000	640 000
Prosjektstøtte	1 325 000	2 030 363	1 431 250	1 490 932	1 807 000
Andre inntekter	548 445	231 316	110 000	191 878	76 750
Sum inntekter	10 052 186	9 636 923	8 732 283	6 660 458	6 665 122
Varekjøp	1 078 551	1 118 327	100 846	224 473	46 328
Personal kostnader	5 834 593	4 371 434	4 888 664	3 854 760	3 941 734
Kostnader lokaler	480 287	457 177	458 247	366 041	245 073
Leiekostnader	246 634	197 299	185 995	170 020	129 354
Verktøy og rekvisita	78 629	2 671	37 862	24 483	83 688
Kjøp av tenester	993 214	1 338 345	1 375 996	681 327	900 086
Kontorrekvisita	73 340	99 551	72 822	217 061	207 980
Telefon, porto/frakt, tidsskrifter	40 841	38 512	44 118	83 755	73 397
Reisekostnad inkl. kurskostnader	1 052 369	1 062 729	797 278	536 930	437 372
Reklame, kontingenter	219 554	281 636	293 791	357 314	304 657
Forsikringer	27 086	19 798	13 874	12 935	6 165
Andre driftskostnader	15 396	28 186	11 373	7 918	33 356
Tap på fordringer	40 000	9 743	56 021	40 000	48 809
Avskrivinger	48 481	45 683	70 422	72 866	42 770
Sum driftskostnader	10 228 975	9 071 091	8 407 309	6 649 883	6 500 769
Driftsresultat	-176 789	565 832	324 974	10 575	164 353
Finansinntekter	148 125	143 694	51 671	120 629	23 227
Finanskostnader	264	1 183	1 944	-428	-45 466
Ekstraordinære inn/kost					
Sum finans/ekstraordinære	147 861	142 511	49 727	120 201	-22 239
Resultat	-28 928	708 343	374 701	130 776	142 114
<i>Disposisjonar:</i>					
Avsett LLAs 50 års jubileum i 2026		250 000		0	
Avset til prosjekt samarbeidsdesk		250 000			
Underskot dekka av fri eigenkap.	28 928	208 343	374 701	130 776	142 114
Sum disponert	28 928	708 343	374 701	130 776	142 114

Balanse for 2024

Per 31.12.2024

Sak 3

	2025	2023	2022	2021	2020
Eiendeler					
<i>Anleggsmidler</i>					
Kontormaskiner, bygg, inventar o.l.	67 503	115 984	141 050	211 472	128 006
Finansielle anleggsmidler	86 851	86 851	86 851	86 851	72 651
Andre langsiktige fordringer	175 877	175 877	177 111	175 877	27 702
Sum anleggsmidler	330 231	378 712	405 012	474 200	228 359
<i>Omløpsmidler</i>					
Kontanter, bank m.v	4 445 877	3 693 449	4 958 785	4 405 762	4 122 820
Debitorer	185 210	1 196 986	785 814	192 043	785 252
Andre kortsiktige fordringer	56 187	74 859	43 836	43 632	149 134
Varebeholdning	25 450	3 450	13 450	18 450	20 450
Sum omløpsmidler	4 712 724	4 968 744	5 801 885	4 659 887	5 077 656
Sum eiendeler	5 042 955	5 347 456	6 206 897	5 134 087	5 306 015
Gjeld og egenkapital					
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Leverandørgjeld	107 743	233 723	146 396	106 136	129 129
Off. avgifter, skattetrekk m.m.	526 220	405 872	349 612	338 264	296 080
Annen kortsiktig gjeld	839 253	1 206 349	2 967 970	2 375 469	2 749 863
Sum kortsiktig gjeld	1 473 216	1 845 944	3 463 978	2 819 869	3 175 072
Avsett prosjekt	550 000	550 000	50 000	50 000	50 000
<i>Egenkapital</i>					
Aksjonsfond	815 965	763 965	713 715	659 715	607 215
Sum bundet egenkapital	815 965	763 965	713 715	659 715	607 215
Egenkapital, fri	2 203 774	2 187 547	1 979 204	1 604 503	1 473 728
Sum egenkapital	3 569 739	3 501 512	2 742 919	2 314 218	2 130 943
Sum gjeld og egenkapital	5 042 955	5 347 456	6 206 897	5 134 087	5 306 015

Strategi og mål for LLA sitt arbeid 2025–2027

Sak 4

LLAs strategi og handlingsplan skal vere oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdiar til langsiktige og kortsiktige mål.

Mål og strategi

POSISJON

LLA er den viktigaste pådrivar og påvirkar for gode rammevilkår for norske lokalaviser. Organisasjonen skal stå fremst i debatten for lokale medier og er den samla og foretrukne organisasjonen for leiarar og tilsette i lokalavisene.

VISJON

Den viktigaste organisasjonen for lokalavisene.

VERDIAR

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best moglege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunna.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

Langsiktige mål

1. RAMMEVILKÅR

LLA tar skal vera ein pådrivar i pressepolitikken for å sikra levedyktige og gode lokalaviser. LLA skal vera med å bygga nødvendige alliansar med politikarar, andre organisasjonar og konsern. LLA skal ivareta medlemsavisene sine interesser.

2. KOMMUNIKASJON

Vere synlege og tydeleg i saker som er viktige for medlemsavisene og bruke konserna som samarbeidspartner. Vere relevant for aviseigarane i kjerneverksemda (teknologi, marknad og innhald). LLA må halda kontakt med dei som tek beslutningar for å få gjennomslag for rammevilkåra

3. SAMFUNNSOPPDRAG OG PROSJEKT

Vera ein kunnskapshub som har oversikt over kompetansen som medlemsavisene treng. Ein iverksetjar for større redaksjonelle fellesprosjekt (LLA-modellen) og organisere møteplassar for medlemmene. Ein forutsetning

er ei aktiv rolle gjennom eigne prosjekt. LLA skal vera ein pådrivar og igangsetjar av nye samarbeidsprosjekt som kjem lokalavisene til gode i ei tid der den digitale utviklinga skjer svært raskt. Med AI som ein ny og viktig del av arbeidet i lokalavisene må LLA arrangere kurs og bidra til at lokalavisene får kompetanse på dette fagfeltet.

4. ORGANISASJON

Medlemspleie: Auke medlemstal og hindre utmelding. Ein sterk medlemsbase bygger truverde. For å lukkast er det avgjerande å bygge ei sterk og omstillingsvillig organisasjonskultur i en liten og dermed sårbar administrasjon. LLA må vere ein nettverksbygger/-arena og ha nødvendige kanalar inn i mediehusa.

Kortsiktige mål for 2025–2027

1. PRESSEPOLITIKK

LLA skal vere synleg i den sentrale mediedebatten. Arbeidet med å auka støtta til LLA sine medlemsaviser skal halda fram.

POLITISKE MÅL:

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt.

KONKRETE MÅL:

LLA skal arbeide for: Innføring av golv (minstesats) for produksjonstilskottet på eit nivå som gir eit viktig løft i produksjonstilskottet til lokalavisene. LLA skal arbeida for at aviser med inntil 12 000 i opplag får produksjonstilskott, prioritert gjennom auka rammer. Best mogleg distribusjon av lokalaviser er framleis viktig, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten.

2. KOMMUNIKASJON

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene.

LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal hjelpe avisene med sals- og rådgjevings-kompetanse.

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler.

LLA skal arbeide aktivt overfor enkeltaviser, spesielt konsernuavhengige lokalaviser for å hjelpe dei med å lukkast digitalt

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalaviser som naturleg høyrer heime blant medlemsavisene.

LLA skal iverksetja prosjekt som kan koma medlemmene til nytte.

3. SAMFUNNSOPPDRAG OG PROSJEKT

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalen om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavis-journalistikken, både i omdømme og lesar- marknaden.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at lokalavisene blir endå viktigare for lesarane, lokalsamfunnet og Norge. Dette gjennom kurs, idébanken og

innhaldsprosjekt og satsing på undersøkende journalistikk.

LLA må arbeide for å sirka ei fullfinansiering av Samarbeidsdesken på varig basis.

LLA skal samarbeida med andre aktørar for at lokalavisene skal stå betre rusta til arbeid med gravande og undersøkende journalistikk.

LLA skal jobba aktivt med utdanningsinstitusjonane med tanke på rekruttering av journalistar til lokalavisene.

4. ORGANISASJON

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for.

I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha tilgang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepolitikk og kommunikasjon. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

Fastsetjing av medlemspengar for 2026

Sak 5

	Forslag for 2026	2025	2024	2023	2022
Medlemspengar	485	475	475	475	475
Serviceavgift					
<i>Grunnavgift for aviser med:</i>					
Omsetning 0–5 mill. kroner i året	9 700	9 300	9 500	9 400	9 300
Omsetning 5–10 mill. kroner i året	10 100	9 700	9 500	9 400	9 300
Omsetning over 10 mill. kroner i året	10 500	10 100	9 900	9 800	9 700
Eksemplaravgift etter godkjent opplag					
Per eksemplar opp til 3000	2,25	2,20	2,15	2,10	2,05
Per eksemplar 3000–4000	1,55	1,55	1,50	1,50	1,50
Per eksemplar 4000–5000	1,10	1,05	1,00	1,00	1,00
Per eksemplar over 5000	0,30	0,25	0,25	0,25	0,25
Opplagskontrollen					
Opplagskontroll	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600
Opplagskontroll dobbeltmedlemmer LLA/MBL	-	-	-	-	Utgår
Aksjonsfond					
Innbetaling til aksjonsfond for aviser med éi utgåve i veka og oftare	500	500	500	500	500
Prosjektkontingent					
For aviser med omsetning 0–5 mill. kroner i året	6 000	5 700	3 000	3 000	3 000
For aviser med omsetning 5–10 mill. kroner i året	8 100	7 700	3 000	3 000	3 000
For aviser med omsetning over 10 mill. kroner i året	10 100	9 700	3 600	3 600	3 600
Avgrensing					
Medlemspengane skal samla ikkje overstiga per år	35 890	34 890	33 690	33 490	32 990

Val av styre

Sak 6

Valkomitéen si innstilling til nytt styre i LLA 2025.

STYRELEIAR

Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad, uavhengig Attval
Valt inn i 2016

NESTLEIAR (NY)

Lillian Holden, Hallingdølen, Polaris Attval
Valt inn i 2021, ny nestleiar

NESTLEIAR

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad, uavhengig Ikkje på val

STYREMEDLEMMER

Trude Hiller, Steinkjer-Avisa, Trønder-Avisa Ikkje på val
Valt inn i 2020

Knut Martinsen, Avisa Hemnes, uavhengig Ikkje på val
Valt inn i 2020

Svend Arne Vee, Firdaposten, Amedia Attval
Valt inn i 2021

Liv Maren Mæhre Vold, Fjell-Ljom, uavhengig Ny
Valt inn som vara i 2021

VARAMEDLEMMER

Reidar Hystad, Sunnhordland, Polaris Attval
Fast møtande

Maiken Voldseth, Selbyggen, uavhengig Attval
Valt inn som vara i 2024

Arve Uglum, Sogn Avis, Amedia Ny
Valt inn som vara i 2025

MERKNAD

Valkomitéen ber årsmøtet drøfte kva faktorar som er viktige og nødvendige å ha representert blant styremedlemmene i LLA-styret i framtida: Konsern/uavhengig, storleik på avis, geografi, stilling i verksemda. Er det relevant å fortsatt vektlegge å ha marknadsmedarbeidarar representert?

7. mars 2025

Valnemnda i LLA

Hilde Eika Nesje

Hans Erik Kjosbakken

Fred C. Gjestad

